



Sunnfjord vassområde

HØYRINGSSVAR – HØYRING AV FORSLAG TIL ENDRINGAR I VASSFORSKRIFTA OG NATURMANGFALDLOVA

Sunnfjord vassområdeutval drøfta forslaga til endringar i vassforskrifta og naturmangfaldlova i møte 10.11.2017. Høyringssvaret nedanfor er basert på innspel i møtet og under ei minihøyring til utvalsmedlemmane i etterkant av møtet.

Statens vegvesen, Norges vassdrags- og energidirektorat og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane deltar ikkje i dette høyringssvaret, men kjem med eigne fråsegn.

Høyringssvar frå Sunnfjord vassområdeutval:

- Forslaget inneber at fylkeskommunen mistar si rolle som vassregionstyresmakt og at fleire oppgåver innanfor vassforvaltninga blir flytta frå regionalt nivå til statleg nivå. Dette strir mot føresetnadene som fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland sette for å vedta samanslåing, jamfør regionreforma, nemleg at oppgåver skal flyttast frå stat til den nye regionen.
- Dei føreslåtte endringane med flytting av oppgåver frå regional til statleg nivå, bør vurderast opp mot konklusjonane frå ekspertutvalet, som regjeringa har sett ned til å vurdere fleire oppgåver til dei nye fylkeskommunane etter regionreforma, jamfør Prop 84 S (2016-2017).
- Lokalt engasjement, lokalpolitisk forankring og samordning av mål, tiltak og prioriteringar vert best sikra ved å behalde ordninga med vassregionutval og med fylkeskommunen som vassregionstyresmakt.
- Vassområdeutvalet ønskjer å halde på noverande organisering med vassområdeutval og vassregionutval. Å få på plass ei ny organisering vil ta tid og kunne medføre at arbeidet for å nå miljømåla blir sett tilbake. Vassområdeutvala vart etablert ved politiske vedtak i kommunane i 2011-12. Drifta av vassområdeutvala er i dag finansiert gjennom eit spleiselag mellom kommunane og fylkeskommunen. I tida etter etablering er det opparbeidd ei felles forståing av omgrep og krav etter vassforskrifta. Det er starta opp faglege samarbeidsgrupper og samarbeid mellom kommunane om gjennomføring av miljøovervaking. Desse samarbeida bør få meir tid til å oppnå resultat som stettar krava i vassforskrifta, som å opparbeide eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag, gjennomføre tiltak og føreslå nye tiltak til neste planfase. Framdrift i dette arbeidet vert best sikra ved å oppretthalde prosjektleiarstillingane (vassområdekoordinatorar) i vassområda.
- Det er vesentleg at vassforskrifta er heimla i Plan- og bygningslova for å sikre at alle har ansvar for å bidra inn i planarbeidet. Det er og viktig at det er samsvar mellom kommunen sine planar og gjennomføring av tiltak og dermed at tiltak blir gjennomført. Kommunen bør og verne om vassførekomstane i sine planar som er forankra i Plan- og bygningslova.